

Styret i Manger Idrettslag

REVISJON AV REKNESKAPEN FOR 2018

Eg viser til brev frå meg om revisjon av rekneskapen for laget for 2018, datert 21.3.2019.

Eg har no fått overlevert ei forbetra utgåve av rekneskapen for 2018, der ein del manglar eg peika på i brevet frå 21.3.19 er retta på, m.a. er medlemslistene no komne med.

Likevel har ein i den nye rekneskapsoppstillinga ikkje teke omsyn til hovudinnvendinga mi mot å godkjenna rekneskapen, nemleg at resultatkonto for laget for 2018 manglar to viktige element, nemleg tilskotet på 1 000 000 kroner frå kommunen og den ekstraordinære nedskrivinga på kunstgrasbanedekket på 1 000 000. Eg kan ikkje forstå at det skal vera så vanskeleg å føra desse to elementa over resultatkontoen, det kan enkelt ordnast ved å innarbeida to kontoar under lina for ordinært resultat, t.d. kto nr 8400 Ekstraordinær inntekt, og kto nr 8500 Ekstraordinær kostnad. Vidare saknar eg ei nærare skriftleg grunngjeving for den ekstraordinære nedskrivinga av kunstgrasbanedekket, sjølv om eg forstår at det har ei avgrensa levetid. Den framlagde resultatkontoen i årsrekneskapen framstår som ei driftsrekneskapsoppstilling for laget og ikkje som ein ordinær resultatkonto i ein årsrekneskap. Eg legg ved Norges idrettsforbunds retningsliner for rekneskap og revisjon for små lag. Der går det fram av §2-3 at inntekter skal **resultatførast** når dei er opptente og kostnader skal **resultatførast** når dei har kome til. Som revisor er det mi plikt å passa på at MIL følgjer NIFs rekneskaps- og revisjonsreglar.

Vidare viser eg til NIF-reglane §2-6 punkt 4 som seier at årsrekneskap og årsmelding skal underskrivast av **alle** styremedlemmer. Den framlagde rekneskapen er framleis ikkje datert og underskriven av nokon i styret, sjølv om eg peika på denne mangelen i brevet frå 21.3.19.

Eg viser også til § 3-1 i NIF-reglane som krev at det skal vera 2 årsmøtevalde revisorar. Heller ikkje på dette punktet oppfyller MIL krava.

På denne bakgrunnen vil eg heller ikkje no godkjenna årsrekneskapen for 2018 før manglane eg har peika på er utbetra. Eg har ingen vanskar med å godkjenna at styret **elles** har oppfylt pliktene sine etter § 2-2 i NIFs retningsliner og det ordinære årsresultatet for laget er korrekt slik eg vurderer det.

Det gjev eit upresist bilete av anleggsverdiane i laget når tomt og tilrettelagd infrastruktur for kunstgrasdekket ikkje er førde som eigne anleggsmiddel i det heile. Dette er anleggsverdiar som ikkje er naturleg å avskriva eller nedskriva. På tomten til laget finst også ein bygning (klubbhus) som heller ikkje framstår som eige anleggselement, sjå §2-6, pkt f. Rekneskapen viser berre anleggsverdiane for sjølve kunstgrasdekket, bocciabana og køyretøy.

Manger, 4. april 2019


Inge Børje